



## 1-52 Opplæring av nye brannkonstablar

### 1 Formål

Rutinen skal sikre at det er ein plan for opplæring av nye brannkonstablar.

### 2 Bruksområde

Rutinen gjeld alle nye brannkonstablar.

### 3 Definisjonar

For nye konstablar kan det ta tid å få den opplæringa som dei treng. Ein framdriftsplan/opplæringsplan skal vere med å sikre dette.

### 4 Ansvar

Brannsjefen har ansvar for at alt mannskap får den opplæringa og utdanninga som dei har behov for. Leiar beredskap skal følgje opp at kvar enkelt har den opplæringa som stillinga krev.

### 5 Framgangsmåte

Ved tilsetjing av brannkonstablar skal det gjennomførast eit obligatorisk introduksjonskurs.

Vidare utdanning er nattbasert kurs og grunnkurs.

**Introduksjonskurs:** Går over 10 timar i helg/kveld. Alle som er med på dette skal få ei generell innføring i bruk av personleg verneutstyr, og utstyr som er på stasjonane, samt øve på dei mest vanlege situasjonane som ein kan kome borti som brannmann. Brann, trafikkulykke, elveredning, o.a. Kurst er obligatorisk for alle nye brannkonstablar.

For dei som skal være røykdykkar skal det være eige kurs på 10 timar i tillegg.

**Internopplæring:** Vi legg til grunn Norges brannskule si opplæringsbok – Internopplæring for brannkonstabel. Denne skal utdelast ved tilsetjing og skal følgast i ein to års periode for å danne eit grunnlag for å kunne ta grunnkurset.

**Nettbasert kurs** skal takast innan 6 mnd etter tilsetjing. Brannsjefen står for påmelding, kurset kostar for tida kr 4,900 som vert dekket av brannvesenet. Etter oppmelding har ein 3 mnd på å gjennomføre kurset før ein mister tilgangen. Kostnaden kan verta krevd refundert ved ikkje gjennomført kurs.

**Grunnkurs:** For å ta grunnkurs må ein først bestå det nettbaserte kurset. Grunnkurset er i regi av DSB ved Norges brannskule. Kurset kan vere lokalt eller eksternt. Tilsette ved Sunnfjord brann og redning er pålagt å ta dette kurset når dei får tilbod om det.

### 6 Referansar

[www.dsb.no](http://www.dsb.no)

[www.nbsk.no](http://www.nbsk.no)

### 7 Vedlegg

Norges brannskule; Opplæringsbok – Internopplæring for brannkonstabel



<https://www.nbsk.no/contentassets/c9411df5082f4d1282eed7c776eae0b8/opplaringsbok-brkonstabel-fastsatt-av-dsb-sept-2018.-versjon-1.0.pdf>

## 8 Kryssreferansar